

Janet Helen Rebnord Talberg
Rebnor-Sør-Vasslag
Rebnorsvågen 3
5943 AUSTRHEIM

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/830 - 2 / ATV

Dato:
19.07.2023

Svar - Rebnor-Sør-Vasslag - ny stikkledning og kum.

Viser til Dykkar brev.

Slik kommunen ser det, gjeldt avtalen som vart inngått framleis. Når det gjeldt kommunestyrevedtaket, så er det slik at eit vedtak alltid gjeld fram til eit eventuelt nytt vedtak er gjort.

Som de ser av opprinneleg avtale, står det at tilskot kan utbetalast anten «når innbetalt tilknytingsavgift dekkar beløpet, eller når det er budsjett-dekning». Det er såleis ikkje slik at dei aktuelle pengane vart løyvd i 2015 og står på eit fond.

Så langt eg har funne ut, vart ca 622 000 betalt ut til den utbygginga som fann stad i 2015/16. I tillegg fekk dei private att mva, då dei gjorde frivillig registrering i mva-registeret. Om lag 30 000 av det opprinnelege vedtaket var knytt opp til ein kommunal tomt. Dersom vi føl gjeldande vedtak og avtale, står det då att om lag 200 000.

Dette vil truleg ikkje vera nok til å gje 60% tilskot etter dagens kostnadsnivå. I tillegg er det no berre eit av dei tre grendelaga som er aktuell utbygger. Kommunen føreslår difor at vi vurderer å inngå ein ny, oppdatert avtale. Det vil vera eit naturleg vilkår frå vår side at eit visst tal husstandar knyttar seg til anlegget.

Eg bed om at de kontaktar meg på 945 30 126 eller atle.vaage@austrheim.kommune.no og avtalar tid for eit møte der vi kan drøfta praktiske og økonomiske spørsmål, samt sjå på vidare framdrift. For oss høver det frå og med veke 31.

Med helsing

Atle Vaage
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Janet Helen Rebnord
Talberg

Rebnorsvågen 3

5943

AUSTRHEIM